

Kommuneplanen sin arealdel 2022-2030

PLANOMTALE

Sluttbehandling

Vedteken av Lom kommunestyre 15.12.2022, sak 2022/79



Liabrua. Foto: Ø.Pedersen

1. INNHOLD


1.	INNLEIING	4
1.1	Føremål med planen	4
2.	RAMMER OG RETNINGSLINER FOR PLANARBEIDET	5
2.1	Kommuneplan for Lom - samfunnsdelen	5
2.2	Nasjonale og regionale føringar og retningslinjer	6
2.2.1	Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging	7
2.2.2	Innlandsstrategien 2020-2024	7
2.2.3	Nasjonale og regionale planar og føringar	8
3.	PLANPROSESS	9
4.	REVIDERT PLAN – ENDRINGAR OG NY AREALBRUK	11
4.1	Planforslaget til 2. gongs offentleg høyring og ettersyn.	11
4.2	Ny arealbruk og vidareført arealbruk på ubygde areal.	12
5.	AREALBRUKSFORMÅL	13
5.1	Byggeområde og anlegg (§ 11-7 nr. 1)	13
5.1.1	Bustadar	13
5.1.2	Fritidsbustadar	15
5.1.4	Næringsformål	19
5.1.4	Forretning	20
5.1.5	Offentleg eller privat tenesteyting	20
5.1.6	Fritids- og turistformål	20
5.1.7	Område for råstoffutvinning	24
5.1.8	Område for grav og urnelund.	28
5.1.9	Byggeområde for idrettsanlegg	28
5.1.10	Byggeområde for andre typar bygningar og anlegg	29
5.2	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 11-7 nr. 2).	29
5.3	Grønstruktur (pbl 11-7 nr. 3)	31
5.4	Landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift – LNFR (pbl § 11-7 nr. 5)	31
5.4.1	LNFR basert på gardens ressursgrunnlag (PBL § 11-7, nr. 5 bokstav a)	31
5.4.2	LNFR for spreidd utbygging av bustadar (pbl § 11-7, nr. 5 bokstav b)	32
5.4.2	LNFR for spreidd utbygging av fritidsbustadar (pbl § 11-7, nr. 5 bokstav b)	32
5.4.3	LNFR for spreidd utbygging av næringsbyggnad (pbl § 11-7, nr. 5 bokstav b)	33
5.5	Bruk og vern av vassdrag (pbl § 11-7, nr. 6)	33
5.5.1	Verna vassdrag	33
6.	OMSYNSSONER (PBL § 11-8)	34
6.1	Sikringssone – område for grunnvassforsyning (H120) (pbl § 11-8 bokstav a)	34
6.2	Støysoner (H220 og H290)	34

6.2.1	Støysoner.....	34
6.3	Faresoner.....	34
6.3.1	Faresone for ras og skred (H310)	34
6.3.2	Faresone flaum (H320)	35
6.3.3	Faresone skytebane (H360)	35
6.3.4	Faresone høgspenningsanlegg (H370)	35
6.4	Soner med særleg omsyn til landbruk, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø (pbl § 11-8 bokstav c)	35
6.5	Bandlagte område (PBL § 11-8 bokstav d).....	35
6.6	Føresegnsområde (PBL § 11-9 pkt. 1)	36
7.	VURDERING AV VERKNADAR AV PLANEN.....	36
7.1	Konsekvensutgreiing	36
7.2	Analyse av risiko- og sårbarheit (ROS).....	36

1. INNLEIING

Etter plan- og bygningslova (pbl) § 4-1 skal det for kommuneplanar utarbeidast ei planomtala som omtaler formål for planen, hovudinnhald og verknader, samt forhold til rammer og retningslinjer som gjeld for området. Planomtala må vise planens forhold til andre planer som gjeld for området og det skal vera ein samanheng i plansystemet. Det er særleg viktig at det blir klargjort om planen er i samsvar med gjeldande overordna planar eller om den nye planen medfører endringar.

Planomtala skal inngå i planforslaget når dette blir sendt ut på høyring. Omtala skal vere så fylldig og presis at det er mogleg å få eit dekkande bilde av omsyna bak planen. Den skal også vise kva planen vil medføre for råka partar, interesser og omsyn.



Figur 1. Oversikt over planhierarkiet.

1.1 Føremål med planen

Kommuneplanen er den overordna og langsiktige planen i kommunen sitt plansystem, som skal sjå kommunens oppgåver og ansvarsområde i samanheng. Den skal gje føringar for kvar kommunen skal sette inn ressursar i form av arbeidskraft og økonomi, kva for tenester kommunen skal tilby innbyggjarane og nivået på desse tenestene. Den skal vidare vise bruk og vern av areal. *Samfunnsdelen* av kommuneplanen fortel om mål og utfordringar kommunen står ovafor. *Arealdelen* fortel gjennom kart korleis ein skal nytte areala for å nå måla, om det er vidareføring av gjeldande arealbruk eller disponering av areal til anna bruk.

Kommuneplanen skal vere eit reiskap for dei folkevalde, som skal gje grunnlag for styring av utviklinga også over eit lengre tidsperspektiv. Den skal fastlegge rammer for detaljplanlegginga og for enkeltvedtak.

Kommuneplanen skal gje innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar moglegheit for medverknad i kommunens prioriteringar og dermed moglegheit til å påverke utviklinga i kommunen.

Sjølv om karta i kommuneplanen er teikna digitalt og kan forstørrast, er det viktig å lese planen som ein grovmaska plan for kommunen sitt samla areal og rammer for den vidare utviklinga.

For store område i kommunen vil arealdelen vere det einaste overordna planverktøyet, og i nokre tilfelle vil det heller ikkje være krav om reguleringsplanar før søknad om gjennomføring av tiltak. For slike områder er det utarbeidd konkrete og meir detaljerte føresegner, i tillegg til det meir nøyaktige arealplankartet. Dagens digitale planverktøy gjev gode moglegheiter her.

Arealdelen av kommuneplanen vil:

- Gje viktige rammer for samfunnsutvikling
- Gje føringar for framtidige revideringar av kommunedelplanar
- Gje føringar der ein på bakgrunn av arealdelen utarbeider reguleringsplanar
- Gje føringar der ein på bakgrunn av arealdelen behandlar byggesøknadar
- Gje moglegheiter for langsiktige vurderingar av arealbruk
- Vere eit reiskap for forvaltning av areal inn mot verna område
- Sikre vern av naturområde, kulturminne og produktive jordbruksareal
- Sikre at prinsippa om universell utforming blir ivareteke i nybygg, renovering av bygg, uteareal, transport og reiseliv

2. RAMMER OG RETNINGSLINER FOR PLANARBEIDET

2.1 Kommuneplan for Lom - samfunnsdelen

Arbeidet med kommuneplanens arealdel har skjedd over fleire år. På bakgrunn av dette er det kommuneplanen sin samfunnsdel som vart vedteken i kommunestyret 27. oktober 2016, som har vore med på å sette premissar og danne bakgrunn for arealplanarbeidet. I kommuneplanens samfunnsdel frå 2016 – er desse tre satsingsområda sentrale:

Klima og miljø

Folkehelse

Næringsliv og samfunn

Kommunen starta i 2021 opp arbeidet med revidering av kommuneplanens samfunnsdel. Revisjonen av samfunnsdelen går da føre seg parallelt med slutføringa av arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Arealdelen var lagt ut til 1. offentlege ettersyn og høyring i juli 2021, og 2. gongs offentleg ettersyn og høyring i juli 2022. Samfunnsdelen var lagt ut til 1. offentlege ettersyn og høyring, likt med at arealdelen blir lagt ut til 2. gongs offentlege ettersyn og høyring. For samfunnsdelen blir det berre ei høyring, slik at det er lagt opp til at sluttbehandling og vedtak av dei to planane, er planlagt å skje i november/desember 2022.


I høringsforslaget til kommuneplanens samfunnsdel for 2021-2033, som da var lagt ut til offentlig ettersyn og høring i juli 2022, har ein tre satsingsområde:

- Berekraft
- Attraktivitet
- Leve heile livet i Lom

Kommunen skal planlegge for det realistiske og arbeide for vekst. Og: Det skal arbeidast godt for at Lom skal vere ein god plass å bu for dei som på ulike vis har tilhald her i dag.

I innleiinga til kommuneplanens samfunnsdel, er det peika på at dei langsiktige og overordna måla i distriktskommunar, i mange år har vore retta mot vekst, auka innbyggartal og fleire arbeidsplassar. Dei seinare åra har praksisen dreia seg mot ei meir realistisk form for planlegging, der utgangspunktet er realistiske framskrivingar og elles dei føresetnadane kommunen faktisk har.

Kommuneplanens samfunnsdel for 2021-2033 tek høgde for dreinga mot realisme. Det visast til at det er tal på barn og unge går ned, og at det er ein aukande del av eldre i befolkninga. Det er peika på at det er ein stor prosess å omstille kommunen sitt tenestetilbod og -nivå til denne framtida.



Spesielt delmål 1 for satsingsområde "Berekraft" i kommuneplanens samfunnsdel vil vere styrande for kommuneplanens arealdel:

"Lom skal vere ei kommune der omsynet til klima og miljø ligg til grunn for forvaltnings- og utviklingsarbeid."

Ein merkar seg også fleire av underpunkta til dette delmålet som er særskilte aktuelle for arealplanlegginga for å følgje opp hovudmålsettinga:

- Lom skal ha ei medviten haldning til forvaltning av areala i kommunen, som balanserer omsynet til bruk og vern
- Det skal vere ein auka grad av gjenbruk og bruk av miljøvenlege materialar
- Energiforbruket i kommunen skal reduserast
- Lom skal ta ein nasjonal posisjon innafor berekraftig reiseliv
- Lom skal ta ein nasjonal posisjon innan berekraftig beitebruk i landbruket

2.2 Nasjonale og regionale føringar og retningslinjer

Nasjonale og regionale forventningar, retningslinjer og planar for arealbruk skal leggjast til grunn for det kommunale planarbeidet. Avvik frå retningslinjene om arealbruk kan gje grunnlag for motsegn frå statsforvaltaren, fylkeskommunen, andre statlege fagmyndigheiter eller nabo-kommunar.

I tillegg til plan- og bygningslova, er det fleire sentrale lover som påverkar innhaldet i kommuneplanen, som lov om folkehelsearbeid (folkehelselova, 2011), lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova, 2009) lov om kulturminne (kulturminnelova, 1978). I arbeidet med kommuneplankartet er også Forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealformål og kommunalt planregister ei viktig forskrift for presentasjon og forståing av kartet.

2.2.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Regjeringa har fastsett nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, vedteke i kongeleg resolusjon 14. mai 2019. Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem. Mellom anna er det lagt vekt på:

- Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling, der FN sine berekraftmål ligg til grunn for samfunns- og arealplanlegginga
- Klimatilpassing og samfunnstryggleik
- Effektive og kunnskapsbaserte planprosessar
- Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
- Berekraftig areal- og transportutvikling
- Attraktive og klimavennlege sentrumsområde

Dei nasjonale forventningane peikar på at samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er særleg viktig i arealplanlegginga for å oppnå attraktive sentrumsområde. For å få gode og kompakte tettstadsområde må det byggjast tett rundt sentrumsområda. Dette gjev redusert arealforbruk og transportbehov og styrker grunnlaget for kollektivtransport, sykkel og gange. Alle avgjerder om lokalisering, bustadar, infrastruktur og tenester påverkar energiforbruk og utslepp i lang tid framover. For å møte overgangen til lågutsleppssamfunnet må ein leggje stor vekt på effektiv arealbruk og på å samordne aktiviteten i sentrum, samstundes som korte avstandar mellom bustad og daglege gjeremål gjer kvardagen enklare.

For å styrke by- og tettstadar er det viktig at kommunane har ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitik. For Fossbergom som tettstad er dette særleg viktig for areal til offentleg formål (skule, barnehage administrasjon og liknande), bustadområde og næringsareal. Dette gjeld også fortetting i eksisterande utbyggingsområde. Kommunesenteret Fossbergom er omfatta av eigen kommunedelplan som vart revidert med vedtak i 2020, og er ikkje omfatta av dette planforslaget.

Samtidig er Lom prega av at folk bur spreidd rundt i kommunen. Mange bur på gardsbruk, og dei aktive gardbrukarane har da arbeidsplassen i det alt vesentlege der dei bur. Det er viktig for kommunen og gi desse og andre innbyggjarane som er knytt til grendene og gardane best moglege vilkår for å bu ruralt. Dette er også ein viktig verdi for mange som ønskjer å bu og leve i ei utkantkommune som Lom.

2.2.2 Innlandsstrategien 2020-2024

Visjonen for Innlandet er vedteke gjennom Innlandsstrategien 2020-2024: "Innlandet – eventyrlige muligheter. Et fylke med sterke røtter og store drømmer, med mål om å ha en ledende posisjon innen teknologi, industri, landbruk og reiseliv." Innlandsstrategien er den regionale planstrategien for Innlandet i perioden 2020-2024 og gjer reie for utviklingstrekk og utfordringar, vurderer utviklingsmoglegheiter og tek stilling til langsiktige mål og på kva område det er behov for regionale planar. Satsingsområda er innbyggjarar, inkludering, innovasjon og infrastruktur. Dei langsiktige utviklingsmåla er:

- Berekraftig ressursforvaltning som gjev utvikling og nye arbeidsplassar
- Levande lokalsamfunn med berekraftige byar, tettstadar og bygder
- At aktørar i fylket vårt får større nasjonal betydning og blir meit synleg

2.2.3 Nasjonale og regionale planar og føringar

Følgjande nasjonale og regionale planar/føringar er med å danna grunnlag for arbeidet med kommuneplanen for Lom:

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (1994)
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995)
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- Meld. St. 13 (2020-2021) Klimaplan for 2021-2030
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Nasjonal transportplan (NTP) og Nasjonal sykkelstrategi (2014-2023)
- St.meld. nr. 9 (2011-2012) "Landbruks- og matpolitikken"
- Nasjonal jordvernstrategi – oppdatering i statsbudsjettet 2019
- Rundskriv om samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling (2018)
- St.meld. nr. 14 (2015-2016) "Natur for livet – Norsk handlingsprogram for naturmangfold"
- St.meld. nr. 15 (2011-2012) "Hvordan leve med farene – om flom og skred"
- St.meld. nr. 16 (2004-2005) "Leve med kulturminner – nasjonale mål og retningslinjer og miljøutfordringer"
- St.meld. nr. 35 (2012-2014) "Fremtid med fotfeste – Kulturminnepolitikken"
- St.meld. nr. 17 (2012-2013) "Byggje-bu-leve"
- St.meld. nr. 26 (2006-2007) "Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand"
- St.meld. nr. 21 (2011-2012) "Norsk klimapolitikk"
- St.meld. nr. 34 (2012-2013) "Folkehelsemeldingen"
- St.meld. nr. 39 (2000-2001) "Friluftsliv"
- Norge universelt utformet 2015 "Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet"
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2012
- Flaum og skredfare i arealplanar (NVE 2/2011)
- Innlandsstrategien – regional planstrategi for Innlandet 2020-2024
- Regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland 2016-2026
- Regional plan for samfunnssikkerhet og beredskap 2014-2017
- Regional plan for klima og energi for Oppland 2013-2024
- Regional plan for Ottadalsområdet 2014-2026 (villreinområde)
- Lågenplanen - regional plan for Gudbrandsdalslågen med sidevassdrag
- Regional vannforvaltningsplan Innlandet og Viken vannregion 2022-2027
- Klimaprofil for Oppland (2018)
- Jordvernstrategi for Oppland 2007-2011
- Kulturarvstrategi for Oppland 2015-2020
- Skog- og trestrategi for Hedmark og Oppland 2013-2016
- Reiselivsstrategi for Oppland (2012)
- Regional plan for folkehelse i Oppland 2018-2022
- Handlingsprogram for fylkesvegar (Innlandet fylke 2022-2025)
- Kommunebilde for Lom (Statsforvaltaren 2021)

3. PLANPROSESS

Gjeldande arealdel til kommuneplanen vart vedteke av kommunestyret 14. oktober 2003. Formannskapet vedtok planprogrammet 30. juni 2015. Oppstarten omfatta både samfunnsdel og arealdel. Etter vedtaket av planprogrammet har arbeidet med planen gått føre seg periodevis, men har av ulike grunnar ikkje vorte fullført. I 2019 vart arbeidet med planen teke opp att.

I tilknytning til at administrasjonen orienterte kommunestyret om status for planarbeidet i februar 2019, vart det lagt ut informasjon på nettsida om at det fortsatt var mogleg å kome med innspel. Det har kome innspel både til varsel om oppstart og planprogram, både ved starten av prosessen og undervegs i planarbeidet.

Det vart i september 2016 gjennomført ei dialogsamling med kommunestyret, der det vart arbeidd med tema som fritidsbustadar, byggeskikk og pågåande planarbeid. Innspel frå dette dialogmøtet har vore med vidare i planarbeidet.

26. mai 2021 vart det gjennomført planforum der fylkeskommunen, statsforvaltaren, NVE, vegvesenet og Direktoratet for mineralforvaltning deltok. Tema var i særleg grad knytt til bygging av fritidsbustadar.

I juni 2021 var det orienteringar om og drøfting av planutkast i fleire politiske organ i kommunen, mellom anna samfunnsutvalet, formannskapet (planutval) og kommunestyret.

Forslag til kommuneplanen - arealdelen – var lagt ut til 1. offentleg ettersyn og høyring 06.07-09.09.2021. Plankontoret ga orienteringar om planforslaget i fleire kommunale råd og utval. 26.08.2021 vart det arrangert ope møte om kommuneplanens arealdel, som var ganske godt besøkt til tross for korona-restriksjonar. Møtet var også overført via internett.

Ved det 1. offentlege ettersynet og høyringa kom det inn 35 ulike uttaler og innspel til planforslaget.

Dei lokale som uttala seg, var særleg opptekne av spørsmål om hyttebygging, og dei areala for hyttebygging som var utgreidde og føreslegne i planforslaget. Alle lokale faglag og organisasjonar som har uttala seg, er i mot eller skeptiske til nye hytteområde. Setereigarar, beitebrukarar og utmarkslag som har uttala seg, er imot nye hytteområde. Også fleire av privatpersonane som har uttala seg er motstandarar av hyttebygging i viktige seterområde.

Innlandet og fylkeskommune ved fylkesutvalet var også skeptisk til nye hytteområde ved Nordsetrene og Nåvårsetrene ved Tesse, og fylkeskommunen hadde elles eit omfattande notat med merknadar til planforslaget.

Av størst betydning for den vidare planprosessen var det likevel at Statsforvaltaren i Innlandet og NVE reiste fleire motsegner til planforslaget i tillegg til at dei hadde mange merknadar knytt til at dei meinte at fleire forhold især knytt til råstoffutvinning og utlegging av fritids- og turistformål kring turisthytter ikkje var godt nok utgreidd. Det gjorde at kommunen ikkje kunne gå vidare i prosessen med å gjere vedtak av planforslaget utan at det vart gjort endringar.

NVE og Statsforvaltaren hadde motsegn knytt til område for råstoffutvinning i verna vassdrag. Statsforvaltaren hadde også motsegn knytt til nokon andre område for råstoffutvinning, og hadde i tillegg motsegn knytt til eit område for fritids- og turistformål, og at dei meiner planforslaget ikkje sikra potensiale for fortetting og transformasjon, med bakgrunn i "Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging."

Kommunen gjorde etter det eit omfattande konsekvensutgreiingsarbeid knytt til motsegner og merknadar. I planforslaget som planutvalet vedtok å legge ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, var det både gjort nokre endringar i planforslaget for å imøtekome motsegner og merknadar frå Statsforvaltaren og NVE, og også gjort endringar med bakgrunn av dei andre høyringsuttalene som kom inn ved den første høyringa.

Dette materialet vart oversendt og danna grunnlag for drøfting på møtet i Regionalt planforum 31. mai 2022. Møtet var arrangert som nettmøte, og ein fekk drøfta gjennom nokon problemstillingar da. Men da NVE ikkje møtte, var det arrangert eit oppfølgingsmøte 7. juni.

Kommunen la så ut eit nytt forslag til 2. offentleg ettersyn og høyring i juli med frist for uttale ut september 2022. For fleire av motsegnene som vart reist ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring, var det da uklart om Statsforvaltaren og NVE ville trekke dei, eller om det også vil bli reist motsegn også mot det reviderte planforslaget.

Ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring kom det inn 26 uttaler til planforslaget.

Statsforvaltaren og NVE har no trekt motsegnene dei hadde knytt til massetaka, men det var sett spesifikke vilkår frå Statsforvaltaren for å trekke motsegna for massetaka i verna vassdrag. Med bakgrunn i endringar kommunen hadde gjort i det nye planforslaget med å halvere arealet for ny bustadbygging i Garmo, trakk også Statsforvaltaren motsegna som var knytt til planretningslina for samordna bustad og transportplanlegging. Statsforvaltaren si motsegn mot eit område for fritids- og turistformål for husbåttrafikk ut frå Kongelegghaugen, vart oppretthalde.

Som ved den første høyringa var mange av dei lokale som uttala seg ved 2. høyring, særleg opptekne av spørsmål om hyttebygging. I planforslaget ved den andre høyringa, sto det att to nye område for hyttebygging: BF14_f ved Bjønnskardet og BFT28_f for utleiehytter ved Nordsætrin mellom Osvegen og Tessvegen. Lom fjellstyre, setereigarar, beitebrukarar, faglag, organisasjonar og privatpersonar uttalar seg imot eller er skeptiske til dei to nye hytteområda i seter- og beiteområdet ved Nordsætrin/Tesse. Fylkesutvalet i Innlandet tilrår at område BFT 28_f ved Nordsætrin vert teke ut av omsyn til kulturmiljø, landskap og landbruk.

Fleire uttaler ved 1. offentleg ettersyn og høyring var knytt til utlegging av areal for fritids- og turistformål kring turisthytter og turisthoteller. Til den 2. høyringa var det laga konsekvensutgreiingar for avgrensing av fritids- og turistformål kring 11 turisthytter/ turisthotell (tillegg til KU). 8 var føreslege lagt ut som fritids- og turistformål også ved 2. gongs høyring: Krossbu, Bøvertun, Jotunheimen fjellhotell, Leirvassbu, Elveseter hotell, Røisheim, Spiterstulen, Soleggen fjellstugu. Dei tre turisthyttene som ligg i Jotunheimen nasjonalpark Glitterheim turisthytte, Memurubu turisthytte og Gjendebu turisthytte var ikkje tilrådd lagt ut med fritids- og turistformål som ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring, men var føreslege som LNFR-område. Dei høyringsinstansane som har uttala seg om dette ved 2. offentleg ettersyn og høyring, er tilfredse med den utgreiinga og den planendringa som er gjort for dette temaet.

For meir utdjuping av og kommentarar til uttalene som har kome inn ved høyringane, viser ein til notat som følgjer planforslaget.

Planen vart lagt fram til sluttbehandling i Lom kommunestyre 15.12.2022. I forslaget som vart lagt fram til sluttbehandling var område BF14_f ved Bjønnskardet teke ut av planen. Under den politiske behandlinga av planforslaget vart i tillegg område BFT28_f ved Nordsætrin teke ut. Planomtala under er revidert i samsvar med planvedtaket.

4. REVIDERT PLAN – ENDRINGAR OG NY AREALBRUK

Arealdelen av kommuneplanen er utarbeidd etter plan- og bygningslova av 2008 og nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister.

Plankartet frå 2003 er utarbeidd etter gamalt lovverk, og oppfyller sosi-standarden og dagens produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister. Sidan 2003 har det dessutan kome inn at omsynssonar, faresoner og sikringssonar kan leggst inn oppå arealbruksformåla i planen. Planen frå 2003 er laga på kart i stor målestokk, er lite detaljert og i første rekkje ein analog plan tilpassa utskrift på papir (finst som pdf). Revidert plan baserer seg på eit godt digitalt kartgrunnlag og stort tilfang av digitale temadata, og GIS- verktøyet ein har i dag, gir også moglegheiter for analyser av plan- og temadata. Revidert plankart blir også å finne på kommunen si innsynsløysing, slik at publikum lett kan navigere rundt i plankartet, skrive ut utsnitt og elles lese kartet på ein brukarvenleg måte. Det er også mogeleg å hente ut dei andre plandokumenta her.

Planføresegner og retningslinjer til arealplanen er reviderte og oppdatert i forhold til gjeldande regelverk, føringar og standardar/retteleiarar. Både i plankart, føresegner og retningslinjer er det lagt inn tema knytt til samfunnstryggleik i langt større grad enn i planen frå 2003. Plankartet viser derfor mellom anna faresoner for skred og flaum og føresegner knytt til dette. På plankartet er det også lagt inn omsynssonar, sikringssonar og sonar med bandlegging etter anna lovverk (verneområde og freda kulturminne).

4.1 Planforslaget til 2. gongs offentleg høyring og ettersyn.

Planforslaget for sluttbehandling og vedtak av kommuneplanens arealdel består av følgjande dokument:

- Kommuneplankart
- Planføresegner og retningslinjer
- Planomtale (dette dokumentet)
- Notat: Samanfating av uttaler og innspel ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring med kommentarar frå plankontoret.
- Konsekvensutgreiing, revidert og med tillegg.
- Konsekvensutgreiing for masseuttaksområde i vassdrag med reguleringsplan.
- Konsekvensutgreiing av område for råstoffutvinning utan reguleringsplan.
- Analyse av risiko- og sårbarheit (ROS-analyse).
- Skiltvedtekter for Lom kommune, vedteke av Lom kommunestyre 24.11.2020.
- Notat: Status for fisket og fiskebestanden i Bøvre.

Plankartet kan ein sjå på kommunen si innsynsløysing på internett. Her har ein mogelegheit for å zoome seg inn i kartet for å sjå innhaldet på plankartet i detalj. Ein kan også søke seg fram til stader ved å skrive inn adresse eller gards- og bruksnummer.

4.2 Ny arealbruk og vidareført arealbruk på ubygde areal.

Felt nr.	Områdenamn	Areal daa	Med i 1. høyring	Nytt 2. høyring	Motsegn 2. høyring	Arealbruksformål
BB06_f	Frisvollskogen S	13,7	x			Bustadar
BB07_f	Frisvollskogen V	21,7	x			Bustadar
LNF-B01_f	Flatmovegen	44,8	x			Område for spreidd bygging av bustadar
LNFR-F01_f	Svartlia	14,8	x			Område for spreidd bygging av fritidsbustadar
BN01	Lågkollen vest	119,4	x			Næring
BN03_f	Lågkollen vest	75,5	x			Næring
BFT02_f	Raubergstulen vest	4,1	x			Fritids- og turistformål
BFT24_f	Storhaugen	74,8		x		Fritids- og turistformål
BFT25_f	Storhaugen	7,1		x		Fritids- og turistformål
BFT29_f og SV01_f	Brimi fjellstugu	1,5		x		Fritids- og turistformål med tilkomstveg
BIS01-02_f	Lia skytebane	30,0	x			Idrett (skyttebaneanlegg)
GSV01_f	Rv 15 Nisse garden-Ekre	4,7	x			Gang- og sykkelveg
GSV02_f	Rv 15 Ekre-Skjåk grense	6,7	x			Gang- og sykkelveg
GSV03_f	Rv 15 Garmo-Byrgrenda	6,1	x			Gang- og sykkelveg
GSV04	Rv 15 Knut Hamsuns veg-Garmo bygdahus	3,6	x			Gang- og sykkelveg
P01_f	Brimi sæter/Brimi fjellstugu	0,5		x		Parkering
P02_f	Garmo kyrkje - parkering	1,1	x			Parkering
Sum		430,1				

Tabell 1. Utbyggingsområde som ligg inne i planforslaget ved sluttbehandling og vedtak av planen.

Etter 2. offentlig ettersyn og høyring av planforslaget er desse områda teke ut: hytteområde BF14_f ved Bjønnskardet (90,7 dekar), areal for hamn for husbåtar BFT01_f ved Konglehaugen (2,2 dekar), og næringsområde BN02_f Frisvollskogen nord (10,5 dekar).
den politiske behandlinga/ endeleg vedtak vart i tillegg byggeområde for utleiehytter ved Nordsætrin BFT28_f og grav- og urnelund ved Garmo kyrkje BGU02_f teke ut av planen.

5. AREALBRUKSFORMÅL

5.1 Byggjeområde og anlegg (§ 11-7 nr. 1)

5.1.1 Bustadar

Areal med formål *bustadbygging* – *noverande* er lagt inn i kommuneplanen.

Totalt er det i planområdet, utanfor området som er omfatta av kommunedelplan for Fossbergom, og før vedtak av kommuneplanen sin arealdel, 22 ledige bustadtomter i regulerte område i kommunen. Det er ikkje eit nøyaktig samsvar mellom tomter som er vist i plankarta og reelle tomter. Dette heng saman med nøyaktigheita av reguleringsplanane, at dei fleste reguleringsplanane er av eldre dato og at andre føresetnadar spelar inn no enn den gong planane var vedtekne. Det spelar også inn kor attraktive tomtene blir sett på i dag i forhold til hustypar som marknadsførast med krav til terrenghelling mv., og ikkje minst kor attraktivt det er å bu i dei enkelte grendene. Til dømes er skuler nedlagt i grendene, og av grendene er det berre Garmo som har barnehage, og berre Galdesand som har daglegvarebutikk.

Dei aktuelle områda og talet på ledige tomter er vist i tabell 2 (kommunedelplan for Fossbergom ikkje medrekna):

Reguleringsplan	Planidentitet	Vedtak	Ubygde tomter
Odda-Leirmo	05140012A	10.7.1974	9
Lia skule og Lidarende	0514001	18.5.2006	2
Hamrom	05140018	18.9.1998	8
Frisvollskogen I	05140014	10.11.1977	1
Frisvollskogen II	05140015	19.9.1985	2
Sum			22

Tabell 2. Tal på ledige tomter i eksisterande regulerte bustadområde.

Tabell 3 viser statistikk for tal på bustadhus. I lokal målestokk skjedde det ei større auke frå 2015 til 2016 og 2017. Dette var dels knytt til tilrettelegging av bustadar i Gjeisar bustadområde. Bortsett frå dette ser ein at i ei tiårsperiode har ikkje talet på bustadar auka i stor grad.

Periode	Antal einebustadar	Antal tomannsbustadar	Antal rekkjehus
2010	1043	189	40
2011	1031	188	40
2012	1025	185	37
2013	1038	186	37
2014	1033	187	36
2015	1038	188	48
2016	1051	189	49
2017	1065	195	49
2018	1066	194	49
2019	1072	194	52
2020	1073	195	52
Endring 2010-2020	30	6	12

Tabell 3. Tal på bustadar i Lom 2010-2020 (kjelde: Statistisk sentralbyrå).

I arbeidet med kommuneplanen er det utarbeidd konsekvensutgreiing for seks potensielle nye område for bustadbygging over eit samla areal på 123 dekar. Av desse var to område føreslege vidareført ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, og er også del av forslaget ved vedtak av kommuneplanen. Begge desse områda ligg i tilknytning til Frisvollskogen bustadfelt i Garmo: BB06_f som er utviding av det eksisterande bustadfelt i sør, og BB07_f som ligg inntil bustadfeltet i vest. Storleiken på det første området er etter konsekvensutgreiinga justert noko i forhold til arealet som vart spelt inn, og dei to områda er foreslått med eit samla areal om lag 35,4 dekar. Det kan leggst til rette for bygging av einebustadar og fleirmannsbustadar, og talet på nye tomter/bueiningar er førebels rekna til 17. Ved å opne for bustadbygging i dei føreslegne områda unngår ein omdisponering av både dyrka mark, innmarksbeite og dyrkbar jord. Utbygging vil få konsekvensar for 34,7 dekar produktiv skog.

I kommunedelplan for Fossbergom (2020) er forholdet til sentrumsutvikling og bustadbygging i tilknytning til Fossbergom skildra slik: *"Bustadbygging skjer mest i utkanten av sentrum, men det er vurdert som ønskjeleg å leggje til rette for bustadbygging inn mot sentrumsnære og lett tilgjengelege område i nærleik av offentlege tenestetilbod og andre sentrumsfunksjonar. Dette er også viktig i eit miljøaspekt. Det har ikkje vore ønskjeleg i planprosessen at dette skulle gå ut over den dyrka marka som finst utanfor dagens avgrensing av sentrum, og dette er klart i stor grad."* Gjennom vedtaket av denne kommunedelplanen tok ein stilling til korleis ein kunne legge til rette for bustadbygging i tilknytning til kommunesenteret Fossbergom, og dette er såleis ikkje eit tema for planforslaget som gjeld resten av kommunen. Det har likevel betydning for korleis ein planlegg bustadbygging elles i kommunen.

Regulering av og tilrettelegging for nye tomter i Frisvollskogen BB06_f og BB07_f, vil kunne føre til rundt 17 nye bustadtomter/bueiningar. Medrekna ledige tomter i eksisterande byggeområde, har ein ei fordeling av ledige tomter i kommunen som med dei siste års utbyggingstakt vil rekke for planperioden.

Gjeldande samfunnsdel seier at det vil vere nyttig å sjå på strategiar for korleis kommunen skal marknadsføre sine kvalitetar for å bidra til positiv folketalsutvikling. Tilgjengeleg bustadar er eitt av elementa som spelar inn når folk vel kvar dei skal busette seg, enten som tilflyttarar eller flytting og bygging intern i kommunen. Jamfør gjeldande samfunnsdel er det ønskjeleg å snu den negative befolkningsutviklinga i ei positiv retning. Å ha attraktive bustadområde kan gje auka tilflytting og fleire innbyggjarar som blir verande i kommunen. Det går fram av planen at ein ønskjer å behalde spreidd busetnad og må legge til rette for at denne kan oppretthaldast samtidig som trafikktryggleiken er tilstrekkeleg i heile kommunen. Samtidig er Lom inne i ei endring i dei demografiske tilhøva. Ein større del av innbyggjarane blir eldre og tilsvarande er ein mindre del barn og unge i kommunen. Bustadplanlegginga må ta omsyn til dette. Med prosjektet *Framtidig bu- og tenestetilbod pleie og omsorg* som kommunen gjennomførte i 2021-2022, ønskja ein å kartleggje korleis kommunen kunne vri tenestetilbodet sitt i samsvar med den faktiske utviklinga. I dette ligg også å planlegge for bustadar som er tilpassa den demografiske utviklinga og ønskjer i befolkninga. Den demografiske endringa bør likevel ikkje utelukke heilt at ein ser tilfang på nye bustadar og tomter som ein del av tilflyttingsarbeidet. Planen må derfor legge til rette for ei arealdisponering som gjer at ei slik ønskt utvikling skal kunne skje – både når det gjeld tilrettelegging for tilflytting, og tilrettelegging av areal for nybygging med mål å skape gode og tilpassa tilbod for dei som er busett i Lom.

Følgjande område er føreslege som nye byggeområde for bustadar:

Felt nr.	Områdenamn	Areal daa	Tal på tomter	Med i 1. høyring	Nytt 2. høyring	Motsegn 1. høyring
BB06_f	Frisvollskogen S	13,7	9	x		
BB07_f	Frisvollskogen V	21,7	8	x		
Sum		35,7	17			

Tabell 44. Byggeområde bustadar som er føreslege ved sluttbehandling og vedtak av planen.

For byggeområda for fritidsbustadar BB06_f og BB07_f er det sett krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.

5.1.2 Fritidsbustadar

Kommuneplanen sin samfunnsdel omtalar tilrettelegging for fritidsbustadar som eit overordna mål. Dette har aktualisert seg den siste tida, og ein har i planarbeidet gått gjennom innspel som har kome knytt til hytteområde samt sett på kvar det kan vere praktisk mogleg å legge til rette for slik verksemd.

Hytteområde som er vist i tabell 4 og som er lagt inn som "Byggeområde for fritidsbustadar – noverande" i planen, har ei reserve på 63 tomter som pr. i dag ikkje er bygd på. I området "Galdhøpiggen høyfjellshytter" i Galdelia, er mange av tomtene selt, men på grunn av at det ikkje er utbygd infrastruktur som veg, vatn og avlaup, er det ikkje starta bygging i området.

Reguleringsplan	Planidentitet	Planvedtak	Ubygde tomter
Blåfuruhaugen hyttefelt	05140032	21.12.2006	2
Lyvjaberg	05140030	22.6.2005	0
Galdhøpiggen høyfjellshytter	05140063	12.5.2016 (rev.)	31
Tjønnbakken hytteområde	05140024	21.6.2001	12
Saltsletta hytteområde	05140023	21.6.2001	18
Bøvertjønnin	05140025	1.4.1986	0
Sum			63

Tabell 5. Tal på ledige tomter i regulerte hytteområde.

Tabell 5 syner omfanget av fritidsbustadar i Lom sidan 2010. Det er totalt 22 fleire fritidsbustadar i kommunen i 2020 enn i 2010:

Periode	Tal fritidsbustadar
2010	249
2011	262
2012	263
2013	265
2014	266
2015	270
2016	272
2017	273
2018	270
2019	271
2020	271
Endring i perioden 2010-2020	22

Tabell 6. Tal på fritidsbustadar i Lom kommune 2010-2020 (kjelde: Statistisk sentralbyrå).

Ved 1. offentlig ettersyn og høyring av planforslaget kom det som nemnt i kapitel 3 mange uttaler til spørsmålet om hyttebygging, og dei areala for hyttebygging som var utgreidde og føreslegne i planforslaget ved den første høyringa.

Til 1. gongs ettersyn og høyring, var det konsekvensutgreidd 14 område som var spelt inn for hyttebygging. Fem av dei utgreidde områda var føreslege som del av planforslaget til 1. gongs offentlig ettersyn og høyring: BF01_f ved Nordsætrin, BF05_f ved Nordsætrin, BF08_f Lunnarplassen-Harbakkjen i Meadalen, BF12_f ved Nåvårseter og BF14_f ved Bjønnskardet. Etter første høyringsrunda, som mellom anna har medført endringar i KU, tilrådde plankontoret også at område BF01_f, BF08_f og BF12_f gjekk ut av planforslaget som var lagt ut til 2. gongs offentlig ettersyn og høyring.

Ved 1. gongs ettersyn og høyring, kom det inn forslag om å ta inn att i kommuneplanen, eit område ved Gomobreinnhaugen i Leirdalen som ligg som område for fritidsbustadar i gjeldande kommuneplanen frå 2003. Pga. manglande realisering sidan 2003, var dette området ikkje med i planforslaget som var lagt ut ved den første høyringa til revisjon av planen. Det vart også føreslege noko utviding av dette arealet nordover. Området er no konsekvensutgreidd som område BF15_f. Konsekvensutgreiinga tilsa at plankontoret ikkje tilrådde at område BF15_f vart med i forslaget som blir lagt ut til 2. gongs offentlig ettersyn og høyring.

Ein viser til kapitel 3.2 i den reviderte konsekvensutgreiinga til 2. gongs offentlig ettersyn og høyring - som viser alle dei 15 områda som er konsekvensutgreidd, og arealrekneskap for dei.

Ved 2. offentlege ettersyn og høyring var eit område på Nordsætrin (mellom Osvegen og Tessvegen) som tidlegare vart utgreidd for som byggeområde fritidsbustadar (BF05_f) endra til byggrområde for "*Fritids- og turistformål*" BFT28_f hyttebygging. Dette området var vidareført, men er avsett for utbygging av hytter for utleige i tilknytning til turistbedriftene i området.

I planforslaget til 2. gongs offentlig ettersyn og høyring, var det da berre eitt område at som var føreslege for framtidig hyttebygging: BF14_f ved Bjønnskardet (90,7 dekar med anslag på opptil 48 tomter).

Hyttebygging har skapt mykje "støy" i behandlinga av kommuneplanen sin arealdel. Især aktørar innafor landbruksnæringa i kommunen er i mot dei nye hytteområda som har vore høyrte i planen. Næringa meiner ganske unisont at realisering av planane vil gå ut over utnytting av utmarksbeite og potensiell dyrkingsjord. Fleire skriv at hyttebygging i dei områda som er føreslege utlagt i kommuneplanens arealdel som eit trugsmål mot næringa og framtidig drift og utviklingsmogelegheiter.

Det som i tillegg heftar ved 6 av dei føreslegne hyttefelta som ligg kring Tesse, er at Lom fjellstyre er i mot planane. Felta her ligg alle i statsallmenningen, slik at dersom dei blir vedtekne i kommuneplanen, er det langt frå sikkert at dei blir realiserte likevel. Ei utbygging vil krevje at fjellstyret og Statskog går aktivt vidare med planane. Det ligg dessutan inne søknader om dyrking av areal i same område som fleire av dei føreslegne hyttefelta ved Nordsætrin.

I planforslaget til sluttbehandling og vedtak av kommuneplanen, tilrådde plankontoret at også område BF14_f ved Bjønnskardet, vart teke ut av kommuneplanforslaget, slik at planforslaget da ikkje omfattar nye framtidige område for fritidsbustadar utanom dei områda som allereie er regulert for formålet. Dette må også sjåast i samanheng med at det er 63 ubygde tomter i allereie regulerte hyttefelt. Plankontoret vil peike på at det vil vere både formålstenleg og

konfliktdempande, for kommunen å arbeide for at ei utbygging i allereie regulerte hyttefelt snarare enn å opne for mange nye.

Plankontoret vil peike på dei tre regulerte hyttefelt som ligg langs Galdhøpiggevegen oppfor Galdesand (Saltsletta, Tjønnbakken og Galdhøpiggen høvfjellshytter), som så å seie har heile reserven, med 61 ubygde tomter. Dette er tomter som har stått ubygde det siste tiåret eller lengre tilbake i tid. Alle dei tre hyttefelt her ligg på privat grunn. Ved reguleringa var det knytt små/ingen konflikthar til utlegging av areal for hyttebygging her. Alle felt er regulert for «høg» standard, dvs. med veg, straum, vatn og avlaup. Det er kommunal avlaupsleidning som går ned langs Galdhøpiggevegen frå Raubergstulen til det kommunale reinseanlegget på Galdesanden, og reguleringsføresegnene for dei tre hytteområda føreset at hyttetomtene, skal vere tilkople til denne. Drikkevassforsyning er meint å skje frå private anlegg.

I det nedste av områda Saltsletta vart reguleringsplanen godkjent i 2001 med 25 tomter. Det er bygd 5 fritidsbustadar i området, og alle er knytt til kommunalt avlaupsnett. Ein av fritidsbustadane disponerer tre tomter, slik at det er 18 tomter som er ledige. Sal og opparbeiding av tomter er stoppa opp. Heile hyttefeltet, også dei selde tomtene er på NVE sitt aktsemdskart for skred vist med fare for jord- og flaumskred og snøskred. Ei nærare kartlegging av snøskredfare utført av SGC/Geofare i regi av kommunen i 2015, frikjende området for snøskredfare. Arealet nærast den største bekken som renn gjennom området er vist med fare for flaum på aktsemdskarta til NVE. Vidare hyttebygging i området kan ikkje skje før det er gjort faresonekartlegging med omsyn til fare for jord- og flaumskred og flaum. Ei slik kartlegging vil klargjere meir nøyaktig kor det er reell fare og kva for sikringstiltak som evt. må bli gjennomført for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik i forhold til krava i byggeteknisk forskrift.

Lengre opp langs Galdhøpiggevegen ligg Tjønnbakken der reguleringsplanen også vart godkjent i 2001 med 13 tomter. Det er frådelt og selt ei tomt og bygd ein fritidsbustad. Feltet er ikkje utbygd med veg, vatn og avlaup som er sett som føresetnad for bygging av fritidsbustadar i reguleringsplanen. Tre av tomtene i reguleringsplanen, og tomte det er bygd på, er vist med fare for jord- og flaumskred på NVE sine aktsemdskart for skred. Den tomte det er bygd på, og ei dei andre, er dessutan vist innafor faresone for flaum lang Raubergstulbekken på NVE sine aktsemdskart.

Det øvste feltet er kalla Galdhøpiggen høvfjellshytter, og har 31 regulerte tomter. Planområdet ligger ca. 1000 moh. på ryggen mot Raudberget rett nord for Raudbergstulen. Første godkjente reguleringsplan er frå 2003, men sidan den gang er planen endra to gonger, og siste revisjon skjedde med vedtak 12.05.2016. Alle tomtene er frådelt og er eigne matrikkeleiningar. Det er ikkje bygd på nokon av tomtene, men fleire er selt. Grunnen til at det ikkje er bygd på nokon av tomtene her, er at det ikkje er bygd ut veg, vatn- og avlaup i området. Etablering av veg, vatn og avlaup er sett som ein føresetnad i reguleringsplanen. Traseane for hovudvegane i feltet vart etablerte for over ti år sidan og er grovplanerte, men arbeidet med fullføring av arbeidet med infrastruktur stoppa da opp.

Kostnadar forbunde med utbygging av infrastruktur, er nok også ein bøyg for dei andre to hyttefelt. Når det gjeld avlaup er det ei ikkje uvanleg løysing at kommunane overtek anlegget/leidningsnettet når det er utbygd. Det er heller ikkje uvanleg at kommunane deltek aktivt i utbygging VA-nettet eller er med på å finansiere/forskottere ei slik utbygging som ledd i næringssatsing i kommunen. Korvidt Lom kommune bør bidra på ein slik måte i Galdelia, er ikkje noko ein skal ta stilling til i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, men det kan vere ein aktuell problemstilling også for Lom, og som alternativ for å legge ut nye hyttefelt. Det er for

så vidt ingen grunn til at utfordringane knytt til utbygging av infrastruktur vil vere vesentleg lettare å løyse for nye hyttefelt enn dei eksisterande i Galdelia, der kommunalt nett trass alt ligg i nærleiken.

Mattilsynet er ved 1. offentlege ettersyn og høyring, oppteke av at drikkevassforsyning i hytteområda skjer på hygienisk trygg måte og med tilstrekkeleg kapasitet. Dei meiner kommunen bør eige og drifte drikkevassforsyning og avlaupsanlegg i hytteområda. Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg §1 slår fast at hovudregelen er at kommunen skal eige nye vass- og avlaupsanlegg. I § 2 opnast det for at kommunen kan gi løyve til private vass- og avlaupsanlegg organisert som andelslag der det private anlegget ligg så langt unna kommunalt vass- og avlaupsanlegg, der kostnadane med å knyte seg til det kommunale nettet blir uhøveleg store. Regelverket i § 2 kan vere aktuelt å nytte i Lom ved regulering for ny fritidsbyggnad og næringsbyggnad som ligg langt unna kommunalt nett.

I Galdelia er Saltsletta hytteområde allereie knytt til kommunalt nett for både avlaup og vassforsyning. For Tjønnebakken og Galdhøpiggen høyfjellshytter, er det aktuelt å knyte seg til den kommunale avlaupsleidninga som går opp til Raubergstulen. Det må da byggast ei avgreining på 700 meter for å nå begge dei to hyttefelta.

Utgifter til vatn og avlaup skal dekkast inn av vass- og avlaupsgebyr. Desse er fastsett i lokal forskrift, og for Lom er denne frå 2011. Ein skil i forskrifta for Lom mellom eingongsgebyr ved tilknyting, abonnementsgebyr og forbruksgebyr. I Lom er det i utgangspunktet likt gebyrgrunnlag for bustadar og fritidsbustadar. For eingongsgebyret for tilknyting, er det opna for at kommunen evt. kan ta høgare gebyr om utgiftene til tilknyting er spesielt høge, noko som kanskje kan vere aktuelt å nytte dersom kommunen går aktivt inn med utbygging av VA i Galdelia.

5.1.4 Næringsformål

Det er behov for næringsareal i Lom, og det er gjennomført konsekvensutgreiinga av tre areal område: Lågkollen BN01 med eit tilleggsareal BN03_f (nytt) og Frisvollskogen BN02_f (nytt).

Plankontorets tilrådingar etter konsekvensutgreiing av områda ved 1. offentlig ettersyn og høyring, tilsa at område BN02_f, ikkje vart med blant område som vart med i høyringsforslaget, især grunngjeve med at arealet på naboteigen var lagt ut som bustadområde (BB03_f). Da ein foreslo å ta ut att BB03_f etter 1. off. ettersyn og høyring, vart BN02_f foreslege som nytt byggeområde for næring ved den andre høyringa. Det viste seg ved den 2. høyringa at grunneigar ikkje ønskjer utbygging for næringsformål her, og området BN02_f vart teke ut i planforslaget som vart lagt fram til sluttbehandling og vedtak av planen.

Følgjande område vart føreslege som nye byggeområde for næringsformål:

Felt nr.	Områdenamn	Areal daa	Med i 1. høyring	Nytt 2. høyring	Motsegn 1. høyring
BN01	Lågkollen vest	119,4	x		
BN03_f	Lågkollen vest	75,5	x		
Sum		194,9			

Områda omfattar ikkje dyrka mark eller innmarksbeite. Utbygging vil få konsekvensar for 184,4 dekar produktiv skog.

Områda BN01 og BN03_f må få ny avkøyring og tilkomstveg frå RV15, som var lagt inn med 2. alternative trasear ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. I det nye planforslaget er alternativet for tilkomstveg som kom inn etter den første høyringa, tilrådd som framtidig tilkomstveg for næringsområdet.

For dei nye byggeområda for næringsformål, er det sett krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.

5.1.4 Forretning

Det ligg inne fem område for *forretning* – *noverande* i planforslaget. Det er ikkje lagt inn nye område med dette arealbruksformålet.

5.1.5 Offentleg eller privat tenesteyting

Eksisterande areal som ligg med arealformål "Offentleg eller privat tenesteyting - noverande" i planforslaget, omfattar mellom anna kyrkjene i Garmo og i Bøverdalen, oppvekstsenter og kommunalteknisk verksemd.

Det er gjennomført konsekvensutgreiing for tilleggsareal i tilknyting til Garmo kyrkje. Her er det behov for utviding av både kyrkjegard og parkering. Det er ei utfordring å finne egna areal på grunn av topografi og landbruksareal i tilknyting til kyrkja. Område for utviding av parkeringsplassen ved kyrkja var foreslått med nemninga BOP01_f ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring. Arealet har seinare fått nemninga P02_f, og er omtalt i kapittel 5.2.

Ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring kom det merknad frå Statsforvaltaren at areal for gravstader, skal leggst ut med arealbruksformål grav- og urnelund og ikkje som offentleg formål. Ein har teke det til følgje, og lagt ut den delen av kyrkjegardane som omfattar gravstadane som grav- og urnelundar, noko som også omfattar nytt areal for utviding av kyrkjegarden ved Garmo kyrkje. Dette arealet (0,5 dekar) vart utgreia og føreslege som område BOP02_f ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring. Arealet har fått nemninga BUG02_f, og er omtalt i kapittel 5.1.8.

Det var ved 2. gongs- offentleg ettersyn og høyring ikkje føreslege lagt ut nye areal for offentleg føremål i planforslaget.

5.1.6 Fritids- og turistformål

Formålet omfattar reiselivsverksemder, skitrekk, klatreparkar med meir.

Eksisterande område.

Areal for "Fritids- og turistformål – noverande" omfattar 21 område i planen.

Turisthyttene/turisthotell som berre var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003, var lagt inn som arealfigurar som fritids- og turistformål ved 1. gongs-

offentleg ettersyn og høyring. Ved høyringa peika Statsforvaltaren på at dette er ein endring av plan som krev konsekvensutgreiing dersom ikkje arealet er regulert til føremålet. Det har medført at 11 område i tilknytning til eksisterande turisthytter vart konsekvensutgreidd. Dette gjeld Krossbu, Bøvertun, Jotunheimen fjellhotell, Leirvassbu, Elveseter hotell, Røisheim, Spiterstulen, Soleggen fjellstugu, Glitterheim, Memurubu og Gjendebu.

KU har mellom anna medført at turisthytter som ligg i Jotunheimen nasjonalpark ikkje vert tilrådd lagt ut med fritids- og turistformål som ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring. Innafor nasjonalpark skal det ikkje skje varig påverknad av naturmiljø, landskap eller kulturminne, med mindre slik påverknad er ein føresetnad for å ivareta føremålet med vernet. Området er verna mot inngrep av ein kvar art, mellom anna oppføring og ombygging av varige eller mellombels bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, graving, utfylling og lagring av masse. Utlegging av areal for byggeformål som fritids- og turistformål kring bygningar, blir derfor vurdert å vere i strid med verneforskrifta. Dette gjeld Glitterheim turisthytte (utgreidd som BFT20), Memurubu turisthytte (utgreidd som BFT21) og Gjendebu turisthytte (utgreidd som BFT22). Areal kring desse tre turisthyttene vert da tilrådd lagt ut med arealbruksformål LNFR i planforslaget til 2. offentleg ettersyn og høyring.

KU har medført at alle dei andre områda utanom Røisheim, som er føreslege vidareført som område for fritids- og turistformål, har fått reduksjon i arealet som er lagt ut med byggeformål i forslaget til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Areal som er lagt ut i det nye planforslaget (og også ved 1. gongs ettersyn og høyring) går fram av konsekvensutgreiinga for dei einskilde områda, og av arealrekneskapen for desse i kapittel 3.7 i KU. Ved Leirvassbu og Spiterstulen er noko av det arealet som vart utgreia for byggeformål for fritids- og turistformål ved 1. gongs ettersyn og høyring, lagt ut som parkering i det nye høyringsforslaget.

Sognefjellshytta (BFT06) og Juvasshytta (BFT04) er avlagt slik areala ligg i vedtekne reguleringsplanar.

Rauebergstulen (BFT03) er avlagt med areal som i kommunedelplanen for Galdesanden-Rauebergstulen frå 1999, med eit lite tilleggsareal mot Galdhøpiggevegen som dei har kjøpt.

På Storhaugen er det eksisterande arealet for reiselivsverksemda, avlagt som i kommunedelplan for Galdesanden-Rauebergstulen frå 1999 (BFT12A og BFT12B). Arealet nord for eksisterande verksemd på 35,2 dekar er ikkje utbygd (BFT12B), og for dette arealet er det som i kommunedelplanen frå 2009, sett krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.

Brimi Fjellstugu (BFT18A og BFT18B) er avlagt med areal slik denne ligg i kommunedelplan for Nordsetrene frå 2009.

Brimiskogen klatrepark (BFT19A og BFT19B) er avlagt slik areala ligg i vedteken reguleringsplan frå 2007.

Nissegården (BFT16) er avlagt slik areala ligg i vedteken reguleringsplan frå 2000.

For Sandom Reatreatsenter er arealet med fritids- og turistformål avgrensa til den delen av eigedomen GID 13/4 som ligg sør for Kollavegen (2,5 dekar), medan resten av eigedomen er lagt ut med arealbruksformål LNFR.

Områda for "Fritids- og turistformål – noverande" har følgjande namnsetting i planen:

Namn	Reiselivsbedrift/område	Namn	Reiselivsbedrift/område
BFT03	Rauberstulen	BFT13	Galdhøpiggen Klatrepark
BFT04	Juvasshytta	BFT14	Røisheim
BFT05	Galdhøpiggen sommerskisenter	BFT15	Spiterstulen
BFT06	Sognefjellshytta	BFT16	Nissegården
BFT07	Krossbu	BFT17	Soleggen Fjellstue
BFT08	Bøverton	BFT18A	Brimi Fjellstugu sør
BFT09	Jotunheimen Fjellhotell	BFT18B	Brimi Fjellstugu nord
BFT10	Leirvassbu	BFT19A	Brimiskogen Klatrepark sør
BFT11	Elveseter hotell	BFT19B	Brimiskogen Klatrepark nord
BFT12A	Storhaugen sør	BFT23	Sandom Reatreatsenter
BFT12B	Storhaugen nord		

Tabell 8. Namnsetting av "Fritids- og turistformål – noverande".

Brimi Sæter er ikkje med i oppstillinga ovafor. I samsvar med reguleringsplanen frå 2009 er areala der det blir drive næring i tilknytning til seterdrifta, avlagt som LNFR med spreidd næringsverksemd, jf. kap. 5.4.3.

Nye område.

I planforslaget som var lagt ut til 1. gongs offentleg ettersyn og høyring, var det føreslege to byggeområder for "Fritids- og turistformål – framtidig", BFT01_f Konglehaugen og BFT02_f ved Rauberstulen.

Statsforvaltaren hadde da motsegn mot område BFT01_f Konglehaugen, pga. manglande vegløyning. Motsegna er grunngjeve med at planforslaget ikkje viser nokon permanent tilkomstveg til brygge- og serviceanlegg ved Vågavatnet, og at tilkomst må skje via driftsveg over dyrka mark. Det er her snakk om småskala turisme med inntil 5 husbåtar med plass til 2-4 personar pr. båt. Parkering for gjestene er planlagt oppe ved fylkesvegen/gardstunet – tilkomst til kaianlegg vil skje hovudsakleg til fots. Båtane er planlagt utstyrt med forbrenningstoalett, toalett i servicebygget vil berre bli nytta når husbåtane ligg ved brygga. I tillegg må service-/avløpsanlegget handtere ein mindre mengd gråvatn frå "dagtank" på husbåtane. Især er Motsegna frå Statsforvaltaren knytt til at området er bratt, og at det vil bli vanskar med tømning av separat avlaupsanlegg som er planlagt. Grunneigar ser for seg at vil det vere snakk om tømning av slamavskiljar maksimalt ein gong per år med føresetnad av avløpsanlegget kan byggast med infiltrasjon, og at dette kan skje med traktor og tankvogn.

Grunneigar har engasjert planfirma for å utarbeide reguleringsplan, men det er så langt ikkje lagt fram nokon detaljert løysing på avlaupsproblematikken. Plankontoret finn trass motsegna, å vidareføre forslaget om BFT01_f ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Det er knytt krav om utarbeiding av reguleringsplan for området før utbygging. Plankontoret meiner at ein må kunne vente til reguleringsplanlegginga med å finne detaljerte løysingar for problematikken knytt til avlaup. Det er planlagt forbrenningstoalett på husbåtane, og om ein til dømes kan løyse toalettavlaup på tilsvarande vis eller på anna måte der tømning av slamavskiljar ikkje er ein del av løysinga, bør grunneigar få sjanse til å gå vidare med planane. Ein må da etablere ei

reinseløysing frå "gråvatnet" frå dusjanlegg, kjøken osv., og der finnast det løysingar med minireinseanlegg der restutsleppet blir infiltrert i stadlege jordmassar.

For det andre området som var lagt ut til 1. gongs offentleg ettersyn og høyring, tilleggsareal til Raubergstulen turisthytte, er det teke inn krav om utarbeiding av reguleringsplan i samsvar med merknad frå Statsforvaltaren.

Ved 1. gongs ettersyn og høyring, kom det inn forslag frå to reiselivsbedrifter om å ta inn nye område for framtidige areal for fritids- og turistformål.

Brimi Fjellstugu fremma forslaget om område BFT29_f, som ønskjer utlegging av eit areal på 1,5 daa, for bygging av garasje/ lagerbygg på motsett side av setervegen sør for fjellstugu. Forslaget frå fjellstugu var at det skulle skje ved ei tilsvarende nedkorting av arealet for "Fritids- og turistformål – noverande" vest for fjellstugu. Området er konsekvensutgreidd som område BFT29_f. Konsekvensutgreiinga tilsa at plankontoret tilrådde at område BFT29_f vart med i forslaget som blir lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Lom fjellstyret og Innlandet fylkeskommune har ved 2. høyringa negative merknadar til området, og plankontoret tok etter nærare vurderingar derfor ut BFT29_f av planforslaget som vart lagt fram for sluttbehandling. Ein viser til saksutgreiinga og kapittel 1.8 (s11-12) i notatet: "Samanfatning av uttaler ved 2. gongs off. ettersyn og høyring med kommentarar frå plankontoret". I den politiske behandlinga/ endeleg vedtak vart område BFT29_f med tilkomstveg SV01_f teke inn att i planen.

Storhaugen Gard AS fremma forslag om areal for framtidig areal for fritids- og turistformål som er konsekvensutgreidd som BFT24_f, BFT25_f, BFT26_f og BFT27_f. Forslaga omfatta eit areal samla på 200,4 daa. Areal ligg inntil og er føreslege som tilleggsareal til dei om lag 89 daa Storhaugen gard som ligg i planforslaget som eksisterande areal for same formål (vidareført frå kommunedelplan for Galdsanden- Raubergstulen). Konsekvensutgreiinga tilsa at plankontoret tilrådde at delar av område BFT24_f og BFT25_f vart med i forslaget som blir lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring – til saman 81,9 daa. Ved høyringa kom det ikkje merknadar til arealbruken som er føreslege, og forslaget er vidareført i planen som leggst fram for sluttbehandling og vedtak.

Sidan 1. offentlege ettersyn og høyring har eit område på Nordsætrin som tidlegare vart utgreidd for som byggeområde fritidsbustadar (BF05_f) og del av planforslaget til 1. offentlege ettersyn og høyring, endra til byggeområde for "*Fritids- og turistformål*" BFT28_f. Området er planlagt nytta for utbygging av hytter for utleige i tilknytning til turistbedriftene i området, og plankontoret foreslo at området vert vidareført som område for fritids- og turistformål i planforslaget til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Ved høyringa hadde setereigarar, beitebrukarar, faglag, organisasjonar og privatpersonar negative merknadar til området. Fylkesutvalet i Innlandet tilrår at område BFT 28_f ved Nordsætrin vert teke ut av omsyn til kulturmiljø, landskap og landbruk. Plankontoret har etter nærare vurderingar foreslått at området blir vidareført i planforslaget slik det vart lagt fram for sluttbehandling. Ved den politiske behandlinga/ endeleg vedtak vart område BFT28_f ved Nordsætrin teke ut av planen.

Følgjande område ligg da inne i planforslaget som område for "Fritids- og turistformål – framtidige" i forslaget som leggst fram for sluttbehandling og vedtak av kommuneplanen:

Felt nr.	Områdenamn	Areal daa	Med i 1. høyring	Nytt 2. høyring	Motsegn 1. høyring
BFT02_f	Raumbergstulen vest	4,1	x		
BFT24_f	Storhaugen	74,8		x	
BFT25_f	Storhaugen	7,1		x	
BFT29_f og SV01_f	Brimi fjellstugu (med tilkomstveg)	1,5		x	
Sum		87,5			

5.1.7 Område for råstoffutvinning

Ved 1. gongs offentleg ettersyn av planforslaget til kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030, var 43 område for råstoffutvinning inne i planforslaget. To av uttaka (M96 og M103) var da feilaktig komne med i planomtale/ føresegner, og er ikkje med i planmaterialet som vert lagt fram til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Det er da 41 område for råstoffutvinning som no er vurdert vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003. 13 av desse områda er omfatta av gjeldande reguleringsplan, medan 28 av områda er ikkje omfatta av nokon reguleringsplan.

40 av områda har sitt opphav i "Kommunedelplan for sand, grus og stein", vedteken av Lom kommunestyre 19.06.1997, medan eit av områda kom inn i planverket i kommunedelplanen for Nordsetrene frå 2009. Desse kommunedelplanane vil ikkje lenger vere gjeldande ved vedtak av forslaget til ny arealdel til kommuneplan for Lom som no fremmast.

Det var i forslaget ved 1. gongs offentleg ettersyn av planforslaget knytt følgjande planføresegn til område for råstoffutvinning (§ 3.7): «Før nye område for råstoffutvinning vert teke i bruk, eller at eksisterande område for råstoffutvinning vert vesentleg utvida, skal det bli utarbeidd og godkjent reguleringsplan for området, jf. Pbl § 11-9 nr. 1.»

Statsforvaltaren i Innlandet skreiv i si uttale til planforslaget datert 23.09.2021, at dei tolkar det slik at uttaka kan vidareførast utan reguleringsplan der det er teke ut noko masse allereie - og at kommuneplanforslaget også opnar for ei viss utviding av eksisterande massetak, utan reguleringsplan. Statsforvaltaren meinte at alle desse områda for råstoffutvinning, burde vore konsekvensutgreidd på nytt, og oppdatert i høve til ny kunnskap og evt. endra føresetnader.

NVE viste i si uttale til planforslaget datert 22.09.2021, at kommunen har foreslått 29 områder med arealbruksformål råstoffutvinning – eksisterande verksemd utan tidlegare reguleringsplan. 7 av disse utan reguleringsplan gjelder masseuttak i vassdrag. Planføresegnene § 3.7 krev at før nye områder for råstoffutvinning blir teke i bruk, eller eksisterande område blir vesentleg utvida, skal det bli utarbeidd og bli godkjend reguleringsplan for området. NVE tolkar dette slik at eksisterande uttak utan reguleringsplan ikkje treng ytterlegare lovmessig avklaring, dersom de allereie er teke i bruk som masseuttaksområder. På den måten vil eksisterande masseuttaksområder bli stadfesta ved vedtak av kommuneplanen. NVE skriv at dei ikkje kan sjå at det gjort nokon heilskapleg faglege utgreiingar eller konsekvensutgreiingar for temaet råstoffutvinning. Dette meinte NVE er en fagleg mangel i planen, jf. også pbl. § 11-8 f). NVE

meinte det må stillast krav om utarbeiding av reguleringsplan for dei uttaka kommunen ønskjer å vidareføre, uavhengig av om uttaket er starta opp eller ikkje.

NVE fremma motsegn til alle områder for råstoffutvinning i verna vassdrag inntil det er gjort en fagleg dokumentasjon og lovmessig avklaring for disse uttaka (jf. vassressurslova §§ 8 og 35). NVE skriv i si motsegn at vurdering av samla effekt av uttaka er viktig å gjennomføre, og at ein vidare må sjå på effektar av uttak, samt konsekvensar av uttaka og plassering med tanke på vernegrunnlag og andre miljøverdiar i vassdraget. 7 av desse uttaka ligg i verna vassdrag og er omfatta av gjeldande reguleringsplan, medan 7 uttaka ligg i vassdrag utan vern mot kraftutbygging og har ikkje reguleringsplan.

Statsforvaltaren støtta motsegna frå NVE knytt til uttaka i verna vassdrag, og reiste i tillegg motsegn mot 4 av dei 29 områda for råstoffutvinning utan reguleringsplan:

- M80 Hovdevegen og M99 Omondjordet, grunngeve med konflikt med naturmangfald.
- M104 Otta-Geitøye og M106A Otta-Liabrue (austsida av brua), grunngeve i konflikt naturmangfald

Fylkesutvalet i Innlandet fylkeskommune tilrådde ved 1. gongs offentlege ettersyn og høyring, at kommunen føreteik en gjennomgang og ei ny vurdering av masseuttaksområder som ikkje har reguleringsplan med tanke på behov, konfliktnivå og kunnskapsgrunnlag.

Med bakgrunn i dette og motsegnene og merknadane frå Statsforvaltaren i Innlandet, NVE og Innlandet fylkeskommune, utarbeidd har kommunen konsekvensutgreiing for dei 7 uttaka for råstoffutvinning med reguleringsplan i verna vassdrag, og for 28 område som var med i forslaget til kommuneplanens arealdel ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring i 2021. Kva for område som er omfatta av gjeldande reguleringsplan, og kva for område som er konsekvensutgreidd, og kva for område det vart reist motsegn mot, går fram av tabellane under.

Det er 13 masseuttak i/ved vassdrag som er vurderte i samband med revidering av planforslaget før 2. gongs- offentleg ettersyn. Område som er sett av til behandling og mellomlagring av sand- og grusmateriale frå uttaka i/ved vassdrag, men ikkje for uttak av massar (M24B, M32 B, M101B, M110, M111 og M112), er oppført som eigne område for råstoffutvinning, men er i opplistinga under oppført saman med tilhøyrande uttaksområde.

Til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, føreslo plankontoret å ta ut 5 av dei konsekvensutgreidda uttaka. Det gjeld M18 Bøvre ved Galdebygde, M104 Otta ved Geitøye, M106A og 106B ved Liabrue, M108 ved Yttervikje og MS10 Tessemagasinet (steinbrot under HRV). Ein viser til KU når det gjeld vurderingar og grunngeving. For område M18 Bøvre ved Galdebygde er det gjeldande reguleringsplan. Denne reguleringsplanen vil bli føreslege oppheva ved vedtak ved vedtak av revidert kommuneplan.

I sine uttaler ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, skriv NVE og Statsforvaltaren at dei trekk motsegnene til masseuttak i verna vassdraga Bøvre og Finna med reguleringsplan. Dei meiner kommunen har gjort ein god jobb når det gjeld vurderingar av behov og konsekvensar for massetaka i desse områda. NVE skriv at dei ser at dei vedtekne reguleringsplanane gir kommunen høve til vidareføre masseuttaka, men tilrår likevel sterkt at kommunen sørger for å oppdatere reguleringsplanane for masseuttak i verna vassdrag. Statsforvaltaren krev at kommunen tek inn følgjande føringar for uttaksområda som ligg i det verna vassdraget Bøvre:

- Uttak av grus skal i perioden 15/9 - 15/6 skje på tørt land.
- Transporten skal så lang som mogeleg skje på tørt land.
- Uttak kan utanom denne perioden skje i vassstrengen.

For område M54 – Finna ved Lauvsanden - skriv Statsforvaltaren at føresetnaden er at kommunen i samråd med nasjonalparkstyresmakta og brukarane av Finndalsvegen, set i gang eit arbeid med å vurdere drifta av uttaket, eller om andre utak/nye uttak på land kan dekke massebehovet knytt til drift og vedlikehald av vegen.

NVE og Statsforvaltaren skriv at deira motsegn til områder lagt ut til råstoffutvinning også i andre vassdrag, vil falle bort dersom kommuneplanen for Lom blir vedtatt slik som foreslått ved 2. gangs høyring. Dei viser til at kommunen ved 2. gangs høyring, har føreslege å ta ut 5 av dei 7 områda for massetak i vassdrag utan reguleringsplan som låg inne ved 1. høyring. NVE og Statsforvaltaren er nøgd med at kommunen stiller krav om utarbeiding av reguleringsplan for dei to områda som ønskast vidareført M105 – Otta ved Vulu og M109 – Tessemagasinet ved Ilva.

Statsforvaltaren har i brev datert 14.12.2022 avklart at motsegnene til planen er imøtekomne dersom planen blir vedteken slik den blir lagt fram til sluttbehandling i kommunestyret.

Område vurdert for råstoffutvinning i vassdrag inkludert massebehandlingsområde:

Nr	Namn	Reguleringsplan	Motsegn ved 1. gongs off. høyring	Med i planforslag til 2. gongs høyring og ved planvedtak	Krav om (ny) reguleringsplan ved planvedtak
M18	Bøvre ved Galdebygde	12.03.1998	Ja	Nei	-
M24A + massebeh.omr. M24B	Leira ved Liasanden	12.03.1998	Ja	Ja	Nei
M31 + M110, M111 og M112	Bøvre ved Medalen	12.03.1998	Ja	Ja	Ja, krav om revisjon av gjeldande plan
M32A + M32B	Bøvre ved Borgasanden	25.06.1998*	Ja	Ja	Ja, krav om revisjon av gjeldande plan
M101A+ M101B	Bøvre ved Prestsæter	12.03.1998	Ja	Ja	Nei
M102	Bøvre ved Kvandalsvoll	12.03.1998	Ja	Ja	Nei
M54	Finna ved Lauva	12.03.1998	Ja	Ja	Nei
M104	Otta ved Geitøye	Nei	Ja	Nei	-
M105	Otta ved Vulu, Garmo	Nei	Ja	Ja	Ja
M106A og 106B	Otta ved Liabrue	Nei	Ja	Nei	-
M108	Otta ved Yttervikje	Nei	Ja	Nei	-
M109	Tessemagasinet ved Ilva	Nei	Ja	Ja	Ja
MS10	Tessemagasinet (steinbrot under HRV)	Nei	Ja	Nei	-

* Med seinare endringar.

Det vart fremma motsegn mot to av dei føreslegne områda for råstoffutvinning på land i planforslaget ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring, grunngjeve med konflikt med naturmangfald.

Område vurderte for råstoffutvinning på land:

Nr	Namn	Reguleringsplan	Motsegn ved 1. gongs off. høyring	Med i planforslag til 2. gongs høyring og ved planvedtak	Krav om (ny) reguleringsplan ved planvedtak
M1	Stallhytta i Veodalen	Nei	Nei	Ja	Ja
M6	Kyrkjeflaten v/ Nåvårseter	Nei	Nei	Ja	Ja
M13	Skauta i Visdalen	Nei	Nei	Ja	Nei. Planføresegn i KP
M17	Gokkerranden i Visdalen	27.05.1999	Nei	Ja	Nei
M50	Illmyrbakkjin v/ Foss	Nei	Nei	Nei	-
M80	Hovdevegen	Nei	Ja	Nei	-
M81	Juvasshytta	Ja, reg.plan Galdhøpiggevegen	Nei	Ja	Ja
M82	Eldrihaugen	27.05.1999	Nei	Ja	Nei
M85	Kverndalen	27.05.1999	Nei	Ja	Nei
M87	Åslia i Lia	Nei	Nei	Nei	-
M88	Vesløygarden i Lia	Nei	Nei	Nei	-
M89	Barhaugen i Lia	Nei	Nei	Ja	Nei. Planføresegn i KP
M90	Jota i Lia	Nei	Nei	Ja	Nei. Planføresegn i KP
M91	Liasætra	Nei	Nei	Nei	-
M92	Kvammen i Lia	Nei	Nei	Ja	Nei. Planføresegn i KP
M93	Vamba i Lia	Nei	Nei	Ja	Nei. Planføresegn i KP
M94	Botten i Lia	Nei	Nei	Nei	-
M95	Measæterøye, Finndalen	21.09.1999	Nei	Ja	Nei
M98	Visdalssætervegen	27.05.1999	Nei	Ja	Nei
M99	Omundjordet, Meadalen	Nei	Ja	Ja	Ja
M100	Tavelflye i Smådalen	Nei	Nei	Ja	Nei. Planføresegn i KP
MS3	Graffer (steinbrot)	Nei	Nei	Ja	Ja
MS4	Brimi (skiferbrot)	Nei	Nei	Nei	-
MS5	Thulittbrot – Lia	Nei	Nei	Ja	Nei
MS6	Vesloddan – Lia (steinuttak i ur)	Nei	Nei	Nei	-
MS7	Storurde – Lia (steinuttak i ur)	Nei	Nei	Ja	Ja
MS8	Kjæstadurde	Nei	Nei	Ja (redusert areal)	Ja
MS9	Mytingsvegen (steinbrot + masseutt.)	21.09.1999	Nei	Ja	Nei

Det vart fremma motsegn mot to av dei føreslegne områda for råstoffutvinning på land M80 Hovdevegen og M99 Omundjordet i Medalen, i planforslaget ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring, grunngeve med konflikt med naturmangfald.

Til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring føreslo plankontoret å ta ut 8 av dei konsekvensutgreidde uttaka på land. Det gjeld eit av dei uttaka det er reist motsegn mot, M80 Hovdevegen, og elles M50 Ilmyrbakkjin v/ Foss, M87 Åslia i Lia, M88 Vesløygarden i Lia, M91 Liasætra, M94 Botten i Lia, MS4 Brimi (skiferbrot) og MS6 Vesloddan – Lia (steinuttak i ur). Ein viser til KU når det gjeld vurderingar og grunngeving. Forslaget om M99 Omundjordet vart oppretthalde trass motsegna frå Statsforvaltaren.

I si uttale ved 2. gongs offentleg høyring og ettersyn, skriv Statsforvaltaren at dei er nøgd med at M80 ved Hovdevegen er teke ut. Statsforvaltaren skriv at han kan godta uttaket M99 Omundjordet ved Meadalsvegen, dersom det blir utarbeidd reguleringsplan med forbod mot knusing av massar i perioden 15. februar til 30. juni.

Planforslaget ved sluttbehandling og vedtak av planen omfattar da dei same uttaka som ved 2. gongs offentlege ettersyn og høyring.

For følgjande områda utan reguleringsplan er det i planføresegnene kapitel 3.7 stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan: M1 Stallhytta i Veodalen, M6 Kyrkjeflaten, M99 Omundjordet, MS3 Graffer (steinbrot), MS7 Stordurde i Lia (steintak i ur) og MS8 Kjæstadurde,.

For områda M13 Skauta i Visdalen, M89 Barhaugen i Lia, M90 Jota i Lia, M92 Kvammen i Lia, M93 Vamba i Lia og M100 Tavelflya i Smådalen, er det i planføresegnene kapitel 3.7 føreslege reglar m.a. knytt til terrengbehandling ved avslutting av uttaka.

Ein har i planforslaget ikkje føreslege nye område for råstoffutvinning.

5.1.8 Område for grav og urnelund.

Ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring kom det merknad frå Statsforvaltaren at areal for gravstader, skal leggst ut med arealbruksformål grav- og urnelund og ikkje som offentleg formål. Ein har teke det til følge, og lagt ut den delen av kyrkjegardane som omfattar gravstadane som grav- og urnelundar, noko som også omfattar område BUG02_f, nytt areal for utviding av kyrkjegarden ved Garmo kyrkje. Dette arealet (0,5 dekar) vart utgreia og føreslege som område BOP02_f ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.

I den politiske behandlinga/ endeleg vedtak vart område BGU02_f, areal for utviding av kyrkjegarden ved Garmo kyrkje, teke ut av planen. I vedtaket går det fram at ved neste revisjon av kommuneplanens arealdel bør areal på sørsida av eksisterande kyrkjegard vurderast som nytt område for utviding av kyrkjegarden.

5.1.9 Byggeområde for idrettsanlegg

Eksisterande byggeområde for idrettsanlegg er synt i planforslaget, mellom anna skianlegget i Lia, skibakken ved Storhaugen og idrettsanlegget i Garmo.

Det er gjennomført konsekvensutgreiing for to alternativ knytt til forslag frå Lom jeger og fiskeforeining for etablering av skytebane oppfor Yttervika i Lia. Lom JFF ønskjer i

utgangspunktet eit anlegg som inneheld både leirduebane og riflebane. I samband med konsekvensutgreiinga, har kommunen fått utført støyberekningar for anlegget.

Støyanalysen som er utført av Sweco AS, viser at eit skytebaneanlegg som inneheld både leirduebane og riflebane gir ei sone med støy over grenseverdiane i støyforskrifta som omfattar tre gardstun, ein fritidsbustad, og strekk seg lang oppover lia oppfor Vamseter og også utover i Ottaelva. Forslaget om eit anlegg med både leirduebane og riflebane, er ikkje tilrådd av plankontoret.

Som eit alternativ, vart det konsekvensutgreidd og støyberekna eit skytebaneanlegg med berre leirduebane. Eit slikt anlegg kjem betre ut når det gjeld støy, og støyen vil ikkje overskride grenseverdiane ved busetnad, og omfatte eit vesentleg mindre område i Lia oppfor Vamseter og utover i Ottaelva. Tida som anlegget er i bruk, vil også bli mindre når skytebaneanlegget berre inneheld leirduebane, noko som vil verke sterk inn for opplevd støy i nærområdet.

Planforslaget til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring vidareførte forslaget ved første høyring, om ny leirduebane med tilhøyrande anlegg som sørvisanlegg og parkering, (BIS01_f og BIS-02_f). Planforslaget ved sluttbehandling og vedtak av planen er likeins.

Felt nr.	Områdenamn	Areal daa	Med i 1. høyring	Nytt 2. høyring	Motsegn 1. høyring
BIS01-02_f	Lia skytebane	30,0	x		
Sum		30,0			

Området omfattar ikkje dyrka mark, innmarksbeite eller areal kartlagt som dyrkbar jord. Utbygging vil få konsekvensar for 30,0 dekar produktiv skog.

5.1.10 Byggeområde for andre typar bygningar og anlegg

Anlegg for produksjon og distribusjon av energi, tele, vassforsyningsanlegg, avlaupsanlegg, flaumverk, flaumvollar, forskning og liknande er synt som *Andre typar bygningar og anlegg – noverande*. Det er ikkje konsekvensutgreidd eller foreslått nye slike område.

5.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 11-7 nr. 2).

Viktige ledd i kommunikasjonssystemet skal visast på plankartet og skal vektleggjast ved etablering av nye byggeområde og bruk av areal.

Viktige ledd i kommunikasjonssystemet som er vist på plankartet med linesymbol er:

- Hovudveg (RV 15)
- Samleveg (fylkesvegar og nokre viktige kommunale vegar)
- Tilkomstveg (kommunale vegar og nokre private vegar)
- Gang- og sykkelveg
- Skiløyper og turstigar

Vegareal (veg- og sideareal) er også dels vist med arealbruksformål *Samferdselsareal og teknisk infrastruktur*. Dette gjeld for alle hovudveggar og samleveggar, samt nokre tilkomstveggar.

Det er synt 18 eksisterande areal for parkeringsplassar på plankartet. To av desse er nye sidan 1. offentlege ettersyn og høyring. Det gjeld areal ved Spiterstulen og ved Leirvassbu, der noko av det arealet som vart utgreia for byggeformål for fritids- og turistformål ved 1. gongs ettersyn og høyring, no er føreslege lagt ut som parkeringsplassar i det nye høyringsforslaget.

I samsvar med merknad frå fylkeskommunen er tabell gjeldande funksjonsklasser, haldningsklasser og byggjegransar for fylkesveggar teke ut av planføresegnene ved 2. høyring, og det er i staden teke inn ei føresegn som viser til dei til ei kvar tid gjeldande vegnettsplan for fylkesveggar.

Det var ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring konsekvensutgreidd fire strekkingar med offentleg gang- og sykkelveg langs RV15. Desse blir vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, men med nokre endringar. Det er også konsekvensutgreidd eit lite areal for utviding av parkeringsplass ved Brimi seter/ Brimi fjellstugu, som er med i forslaget til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.

Sidan 1. gongs off. ettersyn og høyring er traseen for gang- og sykkelvegen GSV02 – Ekre til Skjåk grense – føreslege flytta frå nordsida til sørsida av RV15, mellom anna for å spare dyrka mark. Gang- og sykkelvegstrekinga GSV02 er no rekna å medføre nedbygging av om lag 2,2 daa dyrka mark og 0,8 daa innmarksbeite. Det er ein reduksjon i forhold til det 1. planforslaget, der det var rekna at 5,6 dekar dyrka mark vart råka medan talet for innmarksbeite var det same.

Sidan 1. offentleg ettersyn og høyring har ein også justert ned noko det arealet som er rekna med trongst for å bygge gang- og sykkelvegen GSV01 – Nissegården til Ekre - ved at ein har redusert breidda for traseen der utbygginga råkar dyrka mark.

Ved 1. offentleg ettersyn og høyring var det foreslått eit nytt område på 3,0 daa for parkering ved Garmo kyrkje (med nemninga BOP01_f), på areal registrert som dyrka mark/ innmarksbeite. I uttale til 1. høyring kom det fram at grunneigar ikkje er interessert i å selje landbruksareal til parkeringsformål. Dette saman med styrka vektlegging av jordvern, medførte at plankontoret tilrådde å ta ut dette parkeringsområdet etter 1. offentleg ettersyn og høyring, og området var derfor ikkje med ved 2. høyring. Kommunen saman med kyrjekontoret har utarbeidd ein plan for tilrettelegging av nokre fleire parkeringsplassar på arealet som i dag er kommunal eigedom. I den politiske behandlinga/ endeleg vedtak vart område for parkering ved Garmo kyrkje teke inn att i planen, no med nemninga P02_f og med arealet redusert til 1,1 daa.

Eit mindre vegareal på 0,3 daa (SV01_f) er i kap. 5.1.6 og i samletabellen i kap. 4.2 lagt inn som tilkomstveg til område BTF29_f ved Brimi fjellstugu.

Desse forslaga er vidareført til planforslaget ved sluttbehandling og vedtak av planen som område for "Samferdselsanlegg - framtidige":

Felt nr.	Områdenamn	Km ny gang- og sykkelveg	Areal daa	Med i 1. høyring	Nytt 2. høyring	Motsegn 1. høyring
GSV01_f	Rv 15 Nisse garden-Ekre	1,0	4,7	x		
GSV02_f	Rv 15 Ekre-Skjåk grense	1,9	6,7	x		
GSV03_f	Rv 15 Garmo-Byrgrenda	1,3	6,1	x		
GSV04	Rv 15 Knut Hamsuns veg-Garmo bygdahus	0,8	3,6	x		
P01_f	Brimi sæter/ Brimi fjellst.		0,5		x	
P02_f	Garmo kyrkje - parkering		1,1	x		
Sum		5,0	22,7			

5.3 Grønstruktur (pbl 11-7 nr. 3)

Det er avsett areal som *Grønstruktur – eksisterande* - i planen. Areala omfattar friluftsområde og turdrag som har liten grad av tilrettelegging. Anna grønstruktur er avsett som *Friområde – eksisterande*, og omfattar leikeplassar og parkanlegg.

Det er ikkje lagt inn nye område i denne arealbrukskategorien.

5.4 Landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift – LNFR (pbl § 11-7 nr. 5)

5.4.1 LNFR basert på gardens ressursgrunnlag (PBL § 11-7, nr. 5 bokstav a)

Dette er areal som skal nyttast til landbruks-, natur- og friluftsmål. Innafor desse areala er det også fleire bustadar og fritidsbustadar. I LNFR-området er det forbod mot oppføring og utviding av spreidd busetnad eller næringsbygg som ikkje er knytt til stadbunden næring. Innafor LNFR skal det vere ein streng dispensasjonspraksis av omsyn til landbruket, og det er utarbeidd retningslinjer for dispensasjonspraksis (kapittel 5.1.1 i føresegnene).

Det er lagt ut eit nytt LNFR-område i planen: LNFR01_f ved Brimi fjellstugu – dette som følgje av at område BFT29_f er teke inn i planen. Eit tilsvarende areal på 1,5 daa innanfor område E2 for næring/ reiseliv i kommunedelplan for Nordsetrene (2009) er da tilbakeført til LNFR-formålet.

I 2017 vart det innført endringar i byggesaksforskrifta som er knytt til tilsynsbuer, skogshusvære og andre mindre landbruksbygg i utmark. Dette fører med seg at oppføring av bygg under 15 m² BYA knytt til landbruksdrift ikkje er søknadspliktig, sjølv om bygget skal brukast til personopphald/ overnatting. Det er tiltakshavar som er ansvarleg for at oppføring av bygningen ikkje er i strid med LNFR-formålet, dvs. at bygningen er nødvendig for jordbruk, skogbruk eller

reindrift. Ein vurderer det som naudsynt med eit tydelegare regelverk for oppføring av slike bygg, og foreslår derfor regler knytt til dette i forslaget til planføresegner kapittel 5.1.2.

5.4.2 LNFR for spreidd utbygging av bustadar (pbl § 11-7, nr. 5 bokstav b)

I arbeidet med revidert kommuneplan er det gjennomført konsekvensutgreiing for eitt område for framtidig spreidd bustadbygging. Området er også foreslått i planen (LNF-B01), og ligg i Lia langs Flatmovegen. Det er vurdert å vere plass til 2 nye tomter her i tillegg til dei 3 eksisterande bustadtomtene. Arealet omfattar ikkje dyrka eller dyrkbar mark, men 36 dekar produktiv skog. Totalt areal er om lag 45 dekar.

Område for "LNFR for spreidd utbygging av bustadar – framtidige" omfattar:

Felt nr.	Områdenamn	Areal daa	Med i 1. høyring	Nytt 2. høyring	Motsegn 1. høyring
LNF-B01_f	Flatmovegen	44,8	x		
Sum		44,8			

Det er elles teke inn reglar om kor mange tomter ein kan tillata i dei eksisterande områda for LNFR for spreidd utbygging av bustadar som er vidareført frå kommuneplanen frå 2003, det gjeld desse områda:

- LNFR-B02 ved Graffer: Totalt 10 bustadtomter (inkludert 3 eksisterande)
- LNFR-B03 ved Øvergrendsvogen: Totalt 5 bustadtomter (inkludert 3 eksisterande)
- LNFR-B04 ved Øvergrendsvogen: Totalt 5 bustadtomter (inkludert 2 eksisterande)
- LNFR-B05 ved Galdhøpiggevegen: Totalt 5 bustadtomter
- LNFR-B06 ved Jørginevegen: Totalt 3 bustadtomter

5.4.2 LNFR for spreidd utbygging av fritidsbustadar (pbl § 11-7, nr. 5 bokstav b)

Av ulike årsaker bør ny utbygging av fritidsbustadar inngå i område med krav om reguleringsplan. På denne måten får ein avklara overordna bruk og detaljer kring utbygging. Erfaring viser at det i hytteområde med låg standard (utan infrastruktur som straum, vatn og avlaup og tilkomst) ofte blir etterspurnad etter slik infrastruktur. Da må dette løysast enten enkeltvis eller gjennom reguleringsplan og/eller gjennom vatn- og avlaupsplan i etterkant, og det kan vere knytt ulemper til dette.

Med dette som bakteppe er det foreslått berre eitt område for spreidd utbygging av fritidsbustadar. Dette ligg i Svartlia, LNFR-F01_f (konsekvensutgreidd som BF06). Føresegnene avgrensar utbygginga her til bygging av inntil 2 nye hytter av låg standard (utan innlagt vatn og avlaup) i tillegg til dei to eksisterande hyttene innafor området.

Område for "LNFR for spreidd utbygging av bustadar – framtidige" omfattar:

Felt nr.	Områdenamn	Areal daa	Med i 1. høyring	Nytt 2. høyring	Motsegn 1. høyring
LNFR-F01_f	Svartlia	14,8	x		
Sum		14,8			

5.4.3 LNFR for spreidd utbygging av næringsbyggnad (pbl § 11-7, nr. 5 bokstav b)

På Brimi seter er areal kring seterhusa avsett som areal for LNFR for spreidd næringsbyggnad LNFR-N01A og LNFR-N01B.

I samsvar med reguleringsplan for Brimi seter godkjend 01.07.2009 (planid. 05140054), kan det på desse areala bli oppført bygningar som kan nyttast for landbruksdrift eller landbruk kombinert med erverv/næring. På areala er det tillate med bruksendring av eksisterande hus på setra knytt til gardsturisme. Det er i samsvar med reguleringsplanen, ikkje tillate til å utvide overnattingskapasiteten ut over det som er knytt til seterdrifta og gardsturisme knytt til seterdrifta.

Det er ikkje føreslege nye område.

5.5 Bruk og vern av vassdrag (pbl § 11-7, nr. 6)

Arealet i denne arealbrukskategorien er lagt ut som *Bruk og vern av sjø og vassdrag* med tilhøyrande strandsone, med unntak av areal innafor Risheimsøyane naturreservat og Smådalsvatni naturreservat, som er lagt ut som med arealbruksformål "Naturområde i vassdrag" og Juvvatnet som er lagt inn med arealbruksformål "Drikkevatn". Areala omfattar vassareal, deltaområde, strandområde og ein del mindre øyar og holmar.

Byggegrense mot vassdrag er generelt 50 meter. For område som er omfatta av reguleringsplan, kan byggegrensa vere ein annan, jf. føresegnene punkt. 2.3. Byggegrensa mot vassdrag er her slik det går fram av reguleringsplanen. Byggegrensene er avlagt på kommuneplankartet.

I samsvar med vassressurslova § 11 skal det settast av eit vegetasjonsbelte ved tiltak som nydyrking og liknande. Langs alle vassdrag med årssikker vassføring skal vegetasjonsbeltet vere minst 6 meter.

5.5.1 Verna vassdrag

Elvene Bøvre og Finna med sideelver er verna etter verneplan IV (1993) for vassdrag. I dette ligg det eit vern mot større kraftutbygging. Føresegnene elles er som ved tiltak langs andre vassdrag og er vist i 2.3 i føresegnene og elles i kapittel 6 i føresegnene.

6. OMSYNSSONER (PBL § 11-8)

Kommuneplanen sin arealdel skal i nødvendig utstrekning vise omsyn og restriksjonar som påverkar bruken av areal. Omsynssonene skal markerast på arealplankartet og til desse kan det bli knytt føresegner og retningslinjer.

6.1 Sikringssone – område for grunnvassforsyning (H120) (pbl § 11-8 bokstav a)

For å sikre områder for grunnvassforsyning mot forureining, er det kring dei kommunale vassverka i Garmo, Galdesand og Leirmo, lagt inn sikringssoner på plankartet (H120). Det er også lagt inn sikringssone kring Juvvatnet som blir brukt som drikkevassforsyning for reiselivsbedriftene i området. Det er gjeve føresegner og retningslinjer knytt til sikringssonene, ein syner til punkt 7.1.1 i planføresegnene.

6.2 Støysoner (H220 og H290)

6.2.1 Støysoner

Støysoner er lagt på plankartet langs offentleg veg (H220_1-H220_46) og kring skytebaneanlegg (H290_ST1 og H290_L1 og H290_L2). Støysone langs veg er henta frå støyvarselkart frå Statens vegvesen med ytre avgrensing som for gul støysone. Det er elles *Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442) som ligg til grunn for behandling av tiltak nær støykjelder. I føresegnene er det punkt 2.9 som gjeld for støy.

6.3 Faresoner

På plankartet er det lagt inn faresoner for naturfare (skred og flaum), skytebane og kring høgspenningsanlegg.

6.3.1 Faresone for ras og skred (H310)

Det er lagt inn faresoner for ras og skred på plankartet. Faresonene omfattar alle typar ras og skred (snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred og dels sørpeskred) og er ei samanstilling av karta frå faresonekartlegginga som vart gjort i regi av NVE i Lom i 2018 og aktsemdskarta for skred på den nasjonale basen Skrednett. Faresonekartlegginga frå 2018 er basert på synfaringar av geologar i felt, modellering frå laserdata med høg oppløysing og vurderingar ut frå lokale forhold, og er den mest nøyaktige. Faresonene frå denne kartlegginga viser ein reell fare for skred med årleg sannsyn 1/1000, og er avlagt på plankartet som H310_2.

Aktsemdskarta for skred er i hovudsak basert på GIS-analysar som plukkar ut rasfarleg område med grunnlag i ein grovare terrengmodell, og det er ikkje gjort synfaringar i felt slik at lokale faktorar ikkje er vurdert. Faresonene som er avlagt frå aktsemdskarta er namna H310_1, og viser potensielle område for utløyning og utlaup av skred der det ved bygge- og anleggstiltak vert pålagd å gjere nærare vurdering av skredfare.

6.3.2 Faresone flaum (H320)

Plankartet viser omsynssoner for flaum. Det er ikkje gjennomført flaumsonekartlegging i planområdet, og omsynssonene må sjåast som aktsemdsområde for flaum der det ved bygge- og anleggstiltak vert pålagd å gjere nærare vurdering av flaumfaren. Faresonene for flaum er lagt inn frå aktsemdskart for flaum frå NVE som vart oppdaterte i 2020.

6.3.3 Faresone skytebane (H360)

Det er lagt inn faresone skytebane på plankartet som omfattar arealbruksformålet for skytebanen sør for Stein og foreslått leirduebane i Lia.

6.3.4 Faresone høgspenningsanlegg (H370)

Det er lagt inn faresone høgspenningsanlegg langs dei store eksisterande kraftlinene (132 kV og 66 kV).

6.4 Soner med særleg omsyn til landbruk, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø (pbl § 11-8 bokstav c)

H530: Omsynssone som omfattar område som er viktige for friluftsliv.

Slike omsynssoner er lagt langs turistigane Tronoberget/Skimhytta, Bordvassvegen, Smithbue-Lomseggen, Lågkollen/Høgkollen, Fossbergom-Skutlan-Stymme og Nonshaugen-Skjæsar, synt som H530_1 til H530_6.

H560: Omsynssoner der det skal visast særskilte omsyn til naturmiljø.

Sonene viser område der det er registrert viktige naturtypar, prioriterte artar og liknande, synt som H560_1 til H560_48.

H570: Omsynssoner for bevaring av kulturmiljø.

Synt som H570_1 til H570_2 og H570_K1 til H570_K4.

6.5 Bandlagte område (PBL § 11-8 bokstav d)

H720: Omfattar dei 9 områda som er verna etter naturmangfaldlova som ligg innafor planområdet: Jotunheimen nasjonalpark, Breheimen nasjonalpark, Reinheimen nasjonalpark, Ottadalen landskapsvernområde, Finndalen landskapsvernområde, Høydalen landskapsvernområde, Høyrokampen naturreservat, Smådalsvatni naturreservat, Risheimøya naturreservat og Brettingsmoen naturreservat.

H730: Omfattar rundt 600 område som er verna etter kulturminnelova (freda bygningar og automatisk freda kulturminne).

H740: Omfattar areal som er bandlagt etter anna lovverk.

Det er avsett bandleggingssoner på plankartet for reguleringsmagasin for produksjon av vasskraft i medhald av vassdragslovgivinga.

Det er avsett bandleggingssone på plankartet for tunet på Bakkom, gnr. 131/33, som er regulert som spesialområde bevaring i reguleringsplan for Bakkom, godkjend 20.12.2001 (planid. 05140013).

6.6 Føresegnssområde (PBL § 11-9 pkt. 1)

For alle område der det i planføresegnene er sett krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging eller innan ei fastsett tid, er det i plankartet lagt inn føresegnssområde og område er merka med innramma **R** med eit nummer bak.

7. VURDERING AV VERKNADAR AV PLANEN

Planforslaget legg premiss for utvikling og utbygging av bustadar og næringsverksemd slik at folketal og samfunn skal kunne oppretthaldast på minst dagens nivå. Gang- og sykkelveggar og omsyn til turstigar skal gje gode føresetnader for fysisk aktivitet. Tilrettelegging for aktivitet som ny leirduebane skal også bidra til sosiale møteplassar, aktivitet og trening.

7.1 Konsekvensutgreiing

Etter plan- og bygningslova § 4-2 skal alle kommuneplanar med rammer for framtidig utbygging ha særskilt vurdering og omtale av planen sine verknader for miljø og samfunn. Det er såleis gjort konsekvensutgreiingar (KU) som ein del av planarbeidet. KU omtaler verknadane for enkelte område og den samla verknaden for arealbruksendringane i planen. Det er også laga arealrekneskap som syner storleik og korleis området er nytta i dag, som dyrka mark og innmarksbeite, både for områda som er utgreia og dei områda som faktisk blir foreslått i planen.

Konsekvensutgreiing for kommuneplanens arealdel er utarbeidd som eigne dokument som ligg ved planforslaget.

Konsekvensutgreiingane som følgjer planforslaget ved sluttbehandling og vedtak av planen er:

- Konsekvensutgreiing Revidert og med tillegg til 2. gongs offentleg høyring og ettersyn
- Konsekvensutgreiing for masseuttaksområde i vassdrag med reguleringsplan.
- Konsekvensutgreiing av område for råstoffutvinning utan reguleringsplan.

I tillegg har kommunen laga eit notat i samband med vurdering av masseuttaka i Bøvre:

- Notat: Status for fisket og fiskebestanden i Bøvre.

7.2 Analyse av risiko- og sårbarheit (ROS)

Plan- og bygningslova av 2008 seier at all planlegging skal fremje samfunnstryggleik ved å førebyggje risiko for tap av liv, skade på helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar og liknande. Etter plan- og bygningslova § 4-3 skal alle kommuneplanar med rammer for framtidig

utbygging ha utført ei analyse av risiko- og sårbarheits for planområdet. Analysen skal vise alle forhold knytt til risiko- og sårbarheit som kan ha avgjerd for om arealet er eigna for utbygging, og eventuell endring i slike tilhøve som følgje av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast i planen som omsynssone, med tilhøyrande føresegner om utbygging i sonen, mellom anna forbod som er nødvendig for å unngå skade eller tap.

Det er utarbeidd eigen ROS for kommuneplanen sin arealdel.